

## Kraftverksrøygata på plass på Haugland.

08.06.2016



Tor Ove Haugland saman med representantar frå Steis Maskin AS og Norhard.

Det er til å verta imponert av når ein ser både dimensjonane og arbeidsmåtane under arbeidet som pågår med Tverrelva kraftverk. Tunnelen til røygata er forlengst ferdig. No pågår arbeid med demningen på fjellet og med stasjonen nede på Haugland. I tillegg er det kome mengder av røyr som skal føra vatnet frå Mannsvatnet og ned til kraftstasjonen.



Denne kraftige riggen skal pressa røyra ovanfor opp gjennom tunnelholet

Siste dagane har det kome 6 store trailerlass med røyr til Haugland, og framleis er det berre om lag halvparten som er på plass. Når trailerane kjem til Haugland, vert dei lossa med ein av Haugland Maskin sine maskinar, og den operasjonen går raskt unna. Det er to typar røyr som no ligg lagra på bakkane på Haugland. Begge typane har ein indre diameter på 66 cm. Den eine typen skal drivast inn tunnelholet, og desse kjem i 12 meter lengder. Kvar lengde veg 1750 kg. Den andre typen skal brukast frå tunnelopninga og ned til stasjonen. Dei skal gravast ned og er i 6 meter lengder. Likevel har dei omtrent same vekt.

I går var firmaet Norhard ferdige med å montera opp ein gedigen og svært kraftig rigg ved innslagspunktet til tunnelen. Tor Ove Haugland kan fortelja at denne skal pressa røyrleingdene på 12 meter opp gjennom holet. Det gjer riggen med ufattelege 300 tonn trykk. Det trengst, for berre vekta av røyra opp til fjells vert på om lag 105 tonn, kan Tor Ove fortelja, og han legg til at dei skal pressast 330 høgdemeter. Tor Ove har svært god innsikt i arbeidet etter mykje kontakt med dei utførande entreprenørane.

Då eg var på Haugland i kveldinga på onsdag, var 2 sveisarar frå Steis Maskin AS i Sirdal på plass. Dei var innleigd for Norhard for å sveisa på foringar i skøytane på røyra.

Også Kvinnheradsfirmaet Byggservice er i full sving om dagane. Dei har hovudentreprisen på m.a. stasjonsbygget, røyrgata som skal gravast ned, og demningen på fjellet.





Desse røyr skal gravast ned og føra vatnet vidare ned til kraftstasjonen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland